KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL

# KYRKJE-VARDEN

Nr. 2 2014 46. årgang




## Av innhaldet:


| | | | |
|---|---|---|---|
| Pinseandakt | s. 4 | Ønskediktet | s. 10 |
| Pinsesalmar | s. 5 | Min salme | s. 11 |
| Grunnlovsjubileum | s. 6-7 | Glimt frå konfirmanttida | s. 12 |
| Salmemaraton | s. 9 | Kommune-info | s. 18 |
| Diakonens hjørne | s. 9 | Gudstenesteliste | s. 23 |

# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJEKONTORET
Etnedal kommune
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

### KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE
Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



SOKNEPREST
Marit Slettum
tlf. 61 12 13 22 / 913 93 314
E-post: soknepresten@etnedal.kyrkja.no



ORGANIST
Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: organist@etnedal.kyrkja.no



DIAKON
Marianne Konow
tlf. 958 42 571
E-post: diakon@etnedal.kyrkja.no



KYRKJETENAR
Jan Hagaseth, tlf. 61 12 12 12
952 74 090

### DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL

BRUFLAT SOKNERÅD



Maria Kompen, leiar
tlf. 909 78 963
E-post: mholbe@gmail.com

N. ETNEDAL SOKNERÅD



Wenche Hillestad Møller, leiar
tlf. 941 66 323
E-post: wenche.hillestad.moller@nord-aurdal.kommune.no

ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD



Asmund Wold, leiar
tlf. 908 60 650
E-post: as.wold@online.no

KYRKJEVARDEN
Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Faste medarb.: Ingun Kompen og Tone Steinset

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar: kr. 150,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 200,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

PRESTENS HJØRNE:

# *Pinsa, kyrkja sin fødselsdag*



Vi har nett feira Kristi himmelfartsdag og pinse. I ei undersøking som Ipsos MMI har utført på vegne av avisa Vårt Land, går det fram at berre 27 % av befolkninga i Noreg er kjende med pinsa sitt religiøse innhald. Nesten halvparten av dei som veit kvifor vi feirar pinse, er over 60 år. Eg vil tru at kunnskapen er noko større i Valdres, elles er det forstemmande lesing.

No er det ikkje til å kome forbi at pinsa kan fortone seg noko luftig. Dei andre kristne høgtidene er meir konkrete.

Jul handlar om barnet i krubba, og dei fleste veit at det er Jesusbarnet og starten på ei spesiell livssoge.

Påska er også ei konkret hende, med dødsdom og krossfesting, og for den som trur – ei sigerrik oppstode.

Pinsa er i utgangspunktet meir løynd og gåtefull, og sjølve pinsedagen skildrast med dramatiske fenomen, men sanninga er at kyrkja ikkje kan leve utan det som skjedde pinsedag, då Den heilage Ande, Jesu ande, vart sendt frå Gud.

Då vart den kristne kyrkja fødd ; fellesskapet av menneske som trur på Sonen, Jesus Kristus. Kyrkja er totalt avhengige av nærleiken til Jesus. Difor kan vi gratulere kvarandre med dagen, Kyrkja sin fødselsdag! Pinse syner óg at Jesus ikkje forlot oss på himmelfartsdagen, men at han er her, tilgjengeleg for menneske til alle tider.

Då Herren var fysisk tilstades i våre jordiske landskap, var han bunde av tid og rom, og kunne berre vere ein stad om gongen, i likheit med alle oss andre.

Då Jesus for, sa han at det var til gagn for oss. Underfulle perspektiv skulle opne seg. Eg skal sende dykk Sanningsanden, sa han, slik kan eg vere til stades for dykk, overalt og alle stader – på ein gong!

***God sommar!***

*Marit prest*

# Sommaropen kyrkje



**Bruflat kyrkje er sommaropen**
**8. juli – 10. august, tysdag – søndag**
**kl. 11 - 15**



# Sommar-konsertar

## ved organist Serhiy Bykov

**Onsdag 9. juli**
**Onsdag 16. juli**
**Onsdag 23. juli**

**Alle dagar kl. 1130 – 1200**

**Pinseandakt:**



# God pinse!

**Av Idun Strøm Sefland, praksisleder ved Det teologiske menighetsfakultet**

**Bibeltekst: Johannes 14, 23-29:**
*Jesus svarte: «Den som elsker meg, vil holde fast på mitt ord, og min Far skal elske ham, og vi skal komme og bo hos ham. Den som ikke elsker meg, holder ikke fast på mine ord. Det ordet dere hører, er ikke fra meg, men fra Far, han som har sendt meg. Dette har jeg sagt dere mens jeg ennå er hos dere. Men Talsmannen, Den hellige ånd, som Far skal sende i mitt navn, skal lære dere alt og minne dere om alt det jeg har sagt dere. Fred etterlater jeg dere. Min fred gir jeg dere, ikke den fred som verden gir. La ikke hjertet bli grepet av angst og motløshet. Dere hørte at jeg sa: Jeg går bort, og jeg kommer til dere igjen. Hvis dere elsket meg, var dere glade for at jeg går til Far, for Far er større enn jeg. Nå har jeg sagt dere dette før det skjer, for at dere skal tro når det skjer.*

De fleste har rimelig god oversikt over hva julen handler om. Mange vet også mye om hvorfor vi feirer påske. Pinsen har kanskje litt mer usikkerhet knyttet til seg. Det er alltid velkomment med ekstra fridager. Men hvorfor har vi dem, egentlig? Har de noen dypere betydning enn at de er en super anledning til å åpne hytta, pusse båten eller rydde i hagen?

Pinsen er viktig i kirken. Vi feirer at Gud sendte og fremdeles sender sin Hellige Ånd til menneskene. Gud er ikke en fjern avstandsgud. Gud vil komme oss helt nær i livene våre. Det blir tydelig når Jesus, Guds sønn, går på vår jord i våre sko. Men hva skjer etter Jesu død og oppstandelse, når han skal reise tilbake til sin himmelske Far? Forlater Gud åstedet? Smyger Gud seg gjennom bakdøren for så å la oss klare oss selv?

Den siste kvelden Jesus er sammen med vennene sine før han overlates til fangenskap og død, snakker han lenge med dem om viktige ting. Han forteller dem at Gud slett ikke har tenkt å forlate dem, selv om han selv må gjøre det.
Talsmannen kommer, sier Jesus. Guds egen Ånd kommer til disiplene – og til oss.
Jesus sier at vi ikke skal la hjertene våre bli grepet av angst og motløshet. Dette er gode ord til de av oss som av og til er redde for at vi er alene og forlatt av Gud, og til de av oss som innimellom kan miste både motet og troen av syne. Jesus lover oss en fred som er noe helt for seg selv. En fred som handler om at vi kan lene livet vårt på en Gud som lover å være hos oss alltid, alle steder, alle dager.
Ånden minner oss på hvem Gud er og hvem vi selv er, og hjelper oss å huske at ingen av oss noen gang er glemt av Gud. Dette handler pinsen om.




**Riktig god pinse!**

*Fargeillustrasjon: Svenn A. Hansen*

**Johan Nordahl Brun:**

# Fra drikkeviser til pinsesalme

*Han skrev både drikkeviser, skuespill og Bergens bysang. Men best huskes Johan Nordahl Brun for tekster som påskesalmen «Jesus lever, graven brast» og pinsesalmen «Ånd over ånder, kom ned fra det høye».*

**Av Nils-Petter Enstad**

Johan Nordahl Brun ble født på Byneset i det nåværende Trondheim 21. mars 1745. Han viste tidlig boklige interesser, og allerede som 11-åring skal han ha lest hele Bibelen to ganger – kanskje fordi det ikke var så mange andre bøker i barndomshjemmet. Siden kom han inn på Latinskolen i Trondheim og i 1763, 18 år gammel, reiste han til København for å studere teologi. I 1767 avla han sin eksamen. I de neste årene arbeidet han som huslærer, men ble så ansatt som sekretær hos biskop Gunnerus i Trondheim. Da biskopen i 1771 flyttet til København, ble sekretæren med.
I denne tiden var han med i «Det Norske Selskab», en litterær herreklubb der man diskuterte, resiterte og – ikke minst – drakk punsj. I denne tiden skrev han også den drikkevisen som omtales som Norges første nasjonalsang: «For Norge, kjempers fødeland, vi denne skål vil drikke». I denne tiden skriver han også flere skuespill, og får tilmed en pris for ett av dem.
Til tross for en forholdsvis svak eksamen, er det prest han vil være, og i 1772 søker han som kapellan til Byneset. Det var et fattig kall, uten egen prestegård, men han får stillingen, og kan, etter 12 års forlovelse, gifte seg med sin utvalgte. Resten av sitt liv arbeider han som prest.

**Salmer**
Som prest og teolog beskrives Johan Nordahl Brun som en klippe som sto imot den rasjonalismen som preget kirkelivet på slutten av 1700-tallet. Både som predikant og salmedikter talte han varmt og glødende om behovet for å bli født på ny, om troen på Jesu legemlige oppstandelse og om Den Hellige Ånd som en virksom realitet. «Du fødes må på ny/om du vil se Guds rike…», heter det i en av salmene hans.
I en av sine prekener slår han fast: «Vi kan lære fra oss troens artikler, men å tro på Kristus, er Den Hellige Ånds gjerning». Det er derfor ikke tilfeldig at de to salmene fra hans penn som huskes best i dag, handler nettopp om oppstandelsen og pinseunderet.

**«Ånd over ånder»**
Salmen «Ånd over ånder, kom ned fra det høye» ble skrevet i 1786. Da var Brun blitt sokneprest i Korskirken i Bergen. Det kallet hadde han fått alt i 1774, uten å ha søkt det, mens stillingen han hadde søkt i Trondheim ble gitt til en annen. I Bergen blir han resten av livet, og trønderen blir en ekte Bergens-patriot. Patriotisme lå i det hele tatt for ham: I en avhandling argumenterte han for at nordmenn var et sunnere folkeferd enn dansker, og at dette skyldtes at luften var så mye renere her.
Andre kjente salmer fra Bruns penn er «Jesus som iblant oss står», «Å, salig den Guds ord har hørt» og «La denne dagen, Herre Gud».

**Biskop**
I Bergen gikk Bruns kirkelige karriere jevnt og pent oppover. I 1793 ble han stiftsprost og i 1797 assisterende biskop for å bistå den gamle og sykelige biskop Irgens. I 1804 ble han selv biskop, og var det fram til han døde 26. juli 1816, 71 år gammel.
Brun var en av de ytterst få geistlige som viste forståelse for Hans Nielsen Hauge og hans anliggende, og bidro til at Bergen ble et slags fristed for Hauge selv og hans virksomhet.
Johan Nordahl Brun har fått gater oppkalt etter seg i ikke mindre enn fire norske byer: Oslo, Bergen, Trondheim og Drammen. Dikteren Nordahl Grieg stammet fra ham, og var også oppkalt etter ham.

KPK



*Johan Nordahl Brun skrev pinsesalmen «Ånd over ånder, kom ned fra det høye» i 1786.*



*Eidsvollsbygningen, arena for bygging av eit nytt Noreg gjennom arbeidet til riksforsamlinga i 1814*

# GRUNNLOVSJUBILEUM 2014

## Prolog skreve av Edvard Hoem til jubiléet

Dette er landet vårt. Her er vi heime.
Her mellom fjell og fjord lyser Guds kjærleik.
Her skal vi tryggja vår fridom og rett.
Her skal vi takke og ære vår Gud,
vi som er borgarar av ei større verd,
og deler framtid med alle menneske.

To hundre år er gått
sidan Napoleonskrigane endte.
Kong Frederik den sjette av Danmark avstod
landet vårt, som ingen fiende før hadde teke,
til Sveriges tronarving.
Forlatne og svikne kjende vi oss.

Så snudde alt.
Den danske kronprins Christian Frederik
skreiv eit brev som vart lese frå preikestolen
i alle Noregs kyrkjer.
Han bad folket sverja fedrelandet truskap.
Og folket svarte:
Det sværge vi, saa sandt hjælpe os Gud,
og hans hellige Ord!

Ein myndig ordre følgde brevet.
Alle distrikt skulle velja talsmenn
som skulle møte på Eidsvoll den 10. april 1814.
for å gjeva landet ei grunnlov.
Bodet kom på bededagen 25. februar.
Grunnlova vart vedteken 17. mai 1814.

Slik fekk dette landet Europas friaste grunnlov.
Men enno var verket uferdig. Mykje stod att.
Berre eit fåtal av alle norske menn
deltok i valet.
Kvinner, husmenn,
eigedomslause og arbeidsfolk var ikkje med.
Jødar og jesuittar var utestengde fra riket.
Men trykkefridom og talefridom,
forsamlingsfridom og tankefridom
opna ein veg mot eit samfunn
med større rettferd.
Framtidslandet kunne vi skimte,
morgondagens land, der fleire og fleire
fekk hand om sin kvardag
og fann ord for å krevja sin rett.
Stortinget valde regjering,
ein ny rettsorden vart skapt.
Røysterett vart innført, steg for steg.
I 1905 vart Noreg eit uavhengig rike
blant Europas frie nasjonar.

Mykje er enno uferdig.
Mykje er enno ugjort.
Verda er komen til oss,
og vi er heime i verda.
Alt som hender av krig og ulykke
kjem oss ved.
Alt som tenner håp og ber bod om framgang,
kjem oss ved.
Saman med alle menneske av god vilje
skal vi forvalte rikdomen på jorda.

Dette er landet vårt. Her er vi heime.
Her mellom fjell og fjord lyser Guds kjærleik.
Her skal vi takke og ære vår Gud,
han som har gitt oss landet i gåve,
vi som er borgarar av ei større verd,
og deler framtid med alle menneske.

# GRUNNLOVSJUBILEUM – 17. MAI

Samlinga om arbeidet med Noreg sin nye grunnlov, starta i kyrkja på Eidsvoll 1. påskedag 1814. Ei legendarisk historie fortel om skysskaren, som sa til ein av Eidsvollmennene: Hugs; Gud er attåt.

17. mai – feiringa på Bruflat startar og med gudsteneste i kyrkja. Slik ynskjer vi å føre arven frå fedrane på Eidsvoll vidare på nasjonaldagen. I takksemd for landet, grunnlova, og demokratiet, og fordi vi trur at «Gud er attåt» også for oss som skal bygge landet i dag.
*«Vil Gud ikkje vere bygningsmann me fåfengt på huset byggja,*
*Vil Gud ikkje verja by og land kan vaktmann oss ikkje tryggja.*
*Så vakta oss Gud, så me kan bu i heimen med fred og hyggja!»*





*Frå Bruflat kyrkje, der konfirmantane var med, bar flagg, leste samlingsbøn og leia forbøna*



*Anne Marie Ødegaard las prolog av Edvard Hoem*




*Det var stor oppslutning om 17. mai – toget  i år, her er 1. klasse ved Etnedal skule*




*Hanna Espeliødegård ved kunstverket frå Eventyrskogen barne-hage. 4-talet hadde ho vore med og laga.*



*Jubileumsmarkering med «ballongslepp» i nasjonale fargar*



*Bruflat musikklag og Bruflat sangkor framførte «Det går eit festtog gjennom landet», vinnarsangen i ei stor skrivekonkurranse utlyst av Stortinget i høve Grunnlovsjubiléet. (Tekst: Grethe Myhre Skottene. Melodi: Carl-Andreas Næss, begge frå Sarpsborg)*



*17-maikomiteen har kvart år servering til Bruflat musikklag og Bruflat sangkor.*
*Her er det Aud Norunn Hagaseth Lie og Nina Nybråten, som sørger for at alle blir servert. Korpset spelar frå tidleg om morgonen, i lokalt tog i Sør-Etnedal (med felles frokost), ved minnemarkeringar både i Nord-Etnedal og på Tonsåsen og ikkje minst på Bruflat, ved hovudarrangementet i Etnedal. Koret startar med konsert på Etnedalsheimen, før dei syng i kyrkja og i Parken.*

# Salmemaraton i Bruflat kyrkje

Uvanleg mykje folk i kyrkja over uvanleg lang tid - med uvanleg mykje salmesong, slik var det i Bruflat kyrkje sundag 16. mars. Rundt 100 var innom kyrkja i løpet av dagen, av dei om lag 30 heile dagen.

Starten var i 10-tida med øving for forsongargruppa og Honning & Rigabalsam. Organist Serhiy Bykov sat på orgelkrakken i time etter time, og akkopagnerte til kjent som ukjent, både for han og dei som song seg gjennom ein del av den nye salmeboka.

Det å bli litt kjent med nokre av dei nye salmane var viktig, men også å kunne få synge av dei gode, gamle og kjente. Dei siste kom stort sett etter ynskje frå kyrkjelyden.

Gudstenesta samla rundt 70, der Marit prest, diakon Marianne Konow og årets konfirmantar var aktive saman med kyrkjetenar Jan Hagaseth. 11-åringane fekk utdelt kvar sin bibel, mange kom frå Tonsåsen og mottaket der. Elles kunne folk koma og gå etter som det passa gjennom dagen.

Ronald Rasmussen hadde ein sekvens med negro spirituals, han var sjølv solist på ein av sangane og ga også ein interessant innføring i korleis desse sangane, ofte fylt av von og himmellengt, oppsto mellom negerslavar i Amerika.

Bruflat sangkor hadde øvd inn firstemt nokre Taize-salmar som alle fekk øvd inn etter kvart. Marit prest fortalde om Taize – fellesskapet i Frankrike og bakgrunnen for desse særeigne, korte sangane

Soknerådet serverte velsmakande lapskaus, noko som smakte godt etter som talet på salmar som vart sunge kom opp i 68!

Ein liten komité, Serhiy Bykov, Ronald Rasmussen og Marit prest hadde valt ut dei fleste sangane, og sett dei saman til eit allsidig program, men det var også rikeleg høve til å ynskje seg salmer. Maraton-sundagen fekk mange lovord etterpå, frå mange fornøgde songarar som fekk ein liten smakebit av alt den nye salmeboka kan by.

*Ingun*



*Organist Serhiy Bykov sat på orgel-krakken time etter time.*



*Utsnitt av ei syngande forsamling*



*Soknerådet serverte velsmakande lapskaus*

# ØNSKEDIKTET



I forrige nummer av Kyrkjevarden presenterte Elinor Strande et vakkert dikt om fjellet. Samtidig utfordret hun undertegnede til å presentere mitt ønskedikt. Valget falt på en sangtekst - som også blir brukt som dikt. Teksten handler om tankefrihet, og lyder slik:

## DIN TANKE ER FRI

Din tanke er fri,
hvem tror du den finner.
Den flykter forbi
slik skygger forsvinner.
Den kan ikke brennes,
av fiender kjennes.
Og slik vil det alltid bli:
Din tanke er fri!

Jeg tenker hva jeg vil,
mitt ønske bestemmer.
I stillhet blir det til,
i ukjente drømmer.
Min tanke og lengsel
vil bryte hvert stengsel.
Og slik vil det alltid bli:
Min tanke er fri!

Og tvinges vi inn
bak jernslåtte dører,
da flykter den vind
som tankene fører.
Fordi våre tanker
kan rive ned skranker.
Og slik vil det alltid bli:
Vår tanke er fri!

Norsk tekst: Alf Cranner

Jeg utfordrer min kjære datter Trude Tidemandsen til å presentere sitt ønskedikt i neste nummer av Kyrkjevarden.

*Jorund Sofie Tidemandsen Opsahl*



# Min salme

Eg er ikkje den som kan skuldast for å slite mest på benkane i kyrkjene våre, men då Jon-Inge Huset utfordra meg til å velja min salme, var valet veldig lett: Deg Være Ære, ein påskesalme omsett frå originalspråket fransk til norsk i 1947, er for meg spesiell.

Grunnen til det må me til Vølbu i Øystre Slidre (og eit par og tjue år attende i tid) for å finne. Der gjekk eg på orgelkurs hjå Berit Gausdal, og ein av sangane eg lærte der var altså Deg Være Ære. Melodien og arrangementet var annleis enn det eg var vant med, og denne likte eg veldig godt å spela.

Faktisk sit han godt i fingrane den dag i dag.

Då besteforeldra Maria og Trygve Storsveen var på besøk i barndomsheimen min på Bruflat, ville bestefar alltid at eg skulle spela nokre sangar på orgelet. Deg Være Ære var ein av dei som vart spelt meir enn ein gong medan han stod ved sida av meg og høyrde på. Og då han døydde i 97, kom me fram til, i samråd med Marit prest, at eg under gravferda skulle spela Deg Være Ære på kyrkjeorgelet.

Under sjølve framføringa var det akkurat som om han nok ein gong stod ved sida av meg. Det vart som ei siste helsing frå meg til honom, og gravferda vart mykje meir personleg.

Mi salme-utfordringa sender eg vidare til mor mi, Ingebjørg Storsveen.

*Kenneth Storsveen*

NoS 197

*Deg være ære, Herre over dødens makt!*
*Evig skal døden være Kristus underlagt.*
*Lyset fyller haven, se en engel kom,*
*åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom*!

**Refr.:**
*Deg være ære, Herre over dødens makt!*
*Evig skal døden være Kristus underlagt.*

*Se, Herren lever! Salig morgenstund!*
*Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.*
*Jubelropet runger: Frelseren er her!*
*Pris ham, alle tunger, Kristus Herre er!*

*Frykt ikke mere! Evig er han med.*
*Troens øye ser det: Han gir liv og fred.*
*Kristi navn er ære, seier er hans vei,*
*evig skal han regjere, aldri frykter jeg.*

# GLIMT FRÅ KONFIRMANTTIDA

**Oslo-tur 15. mai**




*Alle samla utanfor den jødiske synagogen*



*Ved Henrik Wergeland si grav på Vår Frelsers gravlund*





*Frå fasteaksjonskvelden på Menighetshuset*



*Kristi himmelfartsdag vandra konfirmantane, foreldre og fleire andre frå Kyrkjesletta på Dalen til N. Etnedal kyrkje. Samling på Kyrkjesletta før vandringa*



*Følgjet kjem inn nordporten ved kyrkja, målet er nådd*

# DIAKONENS HJØRNE:

**«Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Den er evangeliet i handling og uttrykkes gjennom nestekjærlighet, inkluderende felleskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet.»**



*Afrikansk kaffesermoni på 5-årsjubileet*

**Jeg vet en deilig have**
**Hvor roser står i flor**
**Den skapte Gud til gave**
**For alle barn på jord.**
***L-Budde***

Nå står sommeren for døren og det begynner å bli liv rundt husene. Vi kan glede oss over uteliv og alt det som spirer og gror. Jeg opplever at våren er en bekreftelse på Guds tilstedeværelse. Alt det vakre som spirer fram av frossen bakke og brun muld er for meg et bevis på Guds eksistens. Som ivrig amatørfotograf blir jeg stadig fasinert av alt det flotte i naturen; fra små detaljer til storslåtte utsikter samt vekslinger i lys og farger. Det å få være ute i naturen er sjelebot og jeg opplever det som den fineste gudstjeneste, og her møter jeg Gud på en spesiell nær måte. Det er også mye godt fellesskap i å være ute i naturen sammen. Her viskes forskjellen ut og vi kan møtes og gjøre noe sammen på en litt annen måte enn til vanlig. Som en sa på en pilegrimstur: « Selv om jeg har psykiske problemer så kan jeg være like god til å gå motbakke som en som er frisk.»

**Mitt møte med Etnedal:**
Nå har jeg vært  9 måneder i Etnedal som diakon og har hatt gleden av å bli kjent med mange av dere som bor her. Jeg har ruslet rundt og hilst på folk på butikken, på Annas kafe, på tunet, i kirka, på mottaket, på Etnedalsheimen, i kommunehuset, på servicetorget, på Kirkvoll, dagsenteret og Nærmiljøsentralen mm. Jeg har blitt møtt på en positiv og inkluderende måte i mange av kommunens etater, og det godt å se mye av det flotte som gjøres her av mange ildsjeler, lag og foreninger.  Jeg har møtt mange trivelige folk og fått del i noens liv på godt og vondt. Jeg har hatt spennende samarbeid med Marit prest om noen gudstjenester og med diakoniutvalget om flere samlinger i menighetshuset. Jeg har fått vært litt sammen med konfirmantene, sovet i Nord Etnedalkirke med 11 åringene på Lys våken og truffet mange herlige og kunnskapsrike barnehage barna i kirka på julegudstjeneste og påskevandring. Jeg fikk til og med være esel og bære noen av ungene opp midtgangen.

Det er jo dette diakoni handler om- de daglige møtene med menneskene rundt oss-  det  å se hverandre og gi et smil eller en oppmuntring- å bære hverandres byrder og dele livet med hverandre både når det er vanskelig og når det er godt. Alle er like mye verdt og vi har et ansvar for hverandre uansett alder, sosial stilling eller hudfarge.

Som diakon vil jeg ha tid til deg som trenger noen å snakke med eller om du ønsker noen å gå på tur med eller ta følge med til kafe/ butikk el. Jeg har mulighet til å komme hjem til deg hvis du vil det. Så bare ta kontakt.

**Gratulerer til Etnedal statlige mottak med 5 årsdagen!**
Jeg har vært privilegert og møtt mange av Etnedals nye innbyggere både på mottaket og blant bosatte i kommunen. Jeg blir alltid glad og ved godt mot etter slike møter. Disse er jo forskjellige akkurat som oss nordmenn. Men de kommer fra en kultur hvor fellesskapet og det sosiale betyr mye, og de har en diakonal innstilling som vi har noe å lære av. Jeg blir beriket av disse samværene og tenker at disse menneskene kan bli ressurser på sine nye bosteder.

Omlag 70% av de som er på mottaket har allerede fått opphold i Norge og venter bare på at en kommune kan ta imot dem. Mange av dem må dessverre vente lenge og mottaket er ikke et sted å være på over tid. De blir isolert fra andre nordmenn og får ikke praktisert norsk noe om er viktig for å bli godt integrert. Livet deres blir satt på vent. Rundt halvparten av dem som er på mottaket er kristne, for det meste ortodokse og katolikker, og flere av dere har møtt noen av dem i kirka. De kjenner godt til hva en diakon er og det bor faktisk tre diakoner på mottaket akkurat nå.

De fleste på mottaket vil gjerne praktisere norsk og bli kjent med dere som bor her i bygda- så neste gang du møter en fra mottaket så ta kontakt og prøv å prate med dem.

De som jobber på mottaket har en utfordrende, men givende jobb og det har vært veldig lærerikt og positivt for meg å samarbeide med dem. De pusser nå opp husene på Nystølen og Os, og har sammen med beboerne jobbet for å rydde, vaske og pynte opp på mottaket. Dette er jo et hjem for mange over lengre tid- et hjem for mennesker i et land langt borte fra sine familier og venner – Mange med traumatiske opplevelser fra krig og nød.

Jeg vil gratulere alle på mottaket med 5 årsdagen, og håper at vi som bor her kan bidra med å gjøre livet litt bedre for våre nye landsmenn mens de er her.

Jeg avslutter med en keltisk velsignelse, som ble brukt når noen skulle ut på reise:

***Må veiene åpne seg for deg min venn,***
***Og vinden blåse bak deg.***
***Må solen skinne på ditt ansikt***
***Og regnet falle mildt på dine marker***
***Inntil vi møtes igjen.***
***Må du hele tiden være i Guds hånd.***

*Diakon Marianne Konow*

## Godt sagt:

Når nokon talar ille om deg, så lev slik at ingen trur dei.

Den reisande ser det han ser.
Turdeltakaren ser det nokon viser han.

## Vi spør – kan du svara?

1. Kva slags mat (Matteus 3, 4) åt døyparen Johannes?
2. Kor mange menneske var i Noahs ark?
3. Kva heitte dei to sønnene Jakop fekk med Rakel?
4. Kor mange hustruer og medhustruer hadde kong Salomon?
5. Kven var Debora?
6. Kva var dei tre siste orda Jesus sa på korset (Johannes-evangeliet)
7. Kva heitte kona til Moses?
8. Kven vart vald til ny disippel etter Judas?
9. Kor  lang er ei sabbatsreise?
10. Kva symboliserer den liturgiske fargen kvit?

**Svar:**
1. Grashopper og vill honning.
2. 8 (Noah og fire sønner, alle med koner.)
3. Josef og Benjamin.
4. 1000 ( 700 hustruer og 300 medhustruer
5. Ei kvinne som var dommar i Israel.
6. Det er fullbrakt.
7. Sippora
8. Mattias
9. Ca 1 km.
10. Glede (brukt blant anna i høgtidene jul, påske og pinse, og ved brudevigslar).

# Ivar Aasen-ordtak

*Det er vondt å tru alle, det er verre å tru ingen.*

*Det er betre vera einsleg, enn i vondt fylgje.*

*Ein god dag kjem aldri for seint.*

*Den som ikkje let seg råda, kan ingen hjelpe.*

*Det ein et or gryta, får ein ikkje på fatet.*

*Det kan gjerne glippe for dei gløgge òg.*

*Ein skal ikkje gjera seg til bikkje for eit beins skuld.*

*Gudsord og pengar er ikkje til å skjemta med.*

*Kræsen mann mistar mang ein godbit.*

*Det er fleire folk enn vårt folk.*

*Det monar på mila når ein går, det monar ikkje når ein står.*

*Ein skal ikkje krøkja seg meir enn at ein kan rette seg opp att.*

*Der alderen kjem inn, kjem han aldri ut att.*

*Det er mangt eit godt hovud under gammal hatt.*

*Kjærleiken ser ikkje alltid etter venleiken.*

*Det likar ikkje alle eitt, somme vil hava skrint og somme feitt.*

*Kom alle tankar fram, fekk mange last og skam.*

*Det er betre å ottast føreåt enn angra etterpå.*

*Når Jøkulen ser vårsola, så græt han.*

*Maten er ingen lygar, det syner kvar han kjem.*

*Ungdom er eit lyte som minkar med kvart år.*

*Det er lett tala, når ingen vil svara.*



FUGLER I BIBELEN OG I KRISTEN TRADISJON:

# SVART-SPETT

**Tekst og foto: Trond Øigarden**

Det var engang i den tiden Vårherre og St. Peter gikk omkring på jorden at de kom inn til en kone som satt og bakte. De hadde gått langt og var sultne, så de ba om å få smake. Gjertrud, som konen het, var gjerrig. Hun tok et lite emne og kjevlet ut, men det fylte hele takka. Lefsa var for stor, så hun tok et nytt lite emne. Også det fylte takka og lefsa var for stor til at hun kunne gi den bort. Tredje gang tok hun et ekstra lite emne, men også dette fylte hele takka. Lefsa ble for stor sa Gjertrud, jeg har ikke noe å gi dere.

Da ble Vårherre sint, og sa fordi du er så gjerrig skal du finne maten din mellom barken og veden, og drikke skal du få bare hver gang det regner. Konen ble til en fugl, som flaksa opp gjennom pipa. Hun ble helt svart, bortsett fra hodet. Der ble hun rød, fordi hun hadde en rød hette på hodet mens hun bakte.

Gjertrudsfuglen er et gammelt navn på svartspetten. Enkelte steder i landet har den også hatt navn som knytter den mot regnvær, for eksempel regnpip.

En russisk fabel forteller hvordan hakkespetten ble til: Det var en gang en mann, som var så ivrig til å hogge tømmer, at han ikke ga akt på den hellige påskeuka. Da ble han rammet av Guds straff! ”Siden du stadig hogger i skogen”, sa Gud ”og ikke holder påskeuka hellig, skal du bli til en hakkespett! Siden du hogger både tidlig og seint, skal du fra nå av hogge til evig tid!” Og så skjedde, mannen ble til en hakkespett.

**Spetter i Valdres**

Det er åtte norske arter i spettefamilien. I Valdres hekker flaggspett, svartspett, dvergspett, tretåspett, grønnspett og gråspett pluss vendehals. Hvitryggspetten er blitt borte fra Østlandet, men det er gjort enkeltobservasjoner i Vang. Bare vendehalsen er trekkfugl, den overvintrer i Afrika.

Vendehalsen er også den eneste som ikke hakker ut eget hull. De fleste spettene hakker ut reirhull i løvtrær, og flere av dem er avhengig av svekkede eller døde trær. Hele 25 andre arter bruker spettenes gamle reirhull som reirplass. Det er derfor viktig å ha spettene i tankene i skogforvaltningen. Svartspetten er den største av spettene. Den er ensfarget svart, bortsett fra rød isse.

Hannen har mere rødt på hodet enn hunnen. Lokalnavn på svartspett: gjartrudsfugl, jartrudfuggel, jertrudfuggel.

**Litteratur:**

- Asbjørnsen, P.C. & Moe, J. 1983. *Norske folkeeventyr*. Den norske Bokklubben.
- Bergström, M. & Lundevall, C-F. 1996. *Fugler i Norge og Norden*. Teknologisk forlag.
- Gaarder, G., Larsen, B.H., Høitomt, G., Opheim, J., Kasenborg, I.G. & Roang, J.K. 1997. *Fugler i Oppland*. Norsk Ornitologisk Forening, avdeling Oppland.
- Eckhoff, J.W. 1992. *Da smilte Vårherre*. IKO-forlaget.
- Schøien, K.S., 2003. *En kurv til min datter*. Avenir forlag.
- Tillhagen, C_H. 1978.*Fåglarna i folktron*. LT Stocholm.
Aars, I. (red.) 1976. Tidsskrift for Valdres historielag, årbok 1976, hovedemne: fuglar.



## JANS HJØR-NE

Ein kar var på butikken og skulle handle inn til jul. Det var mykje folk i butikken, og då ei betydeleg mengde sukker var bestilt og betalt, kom kvalene. Han fann det best å ta varene med ut, og satse på at det var færre til stades då resten skulle handlast.

Det synte seg å ikkje slå til. Han måtte berre be om å få resten av julehandelen så mange kunne høyre det, og forlanga litt meir gjær enn til normal julebakst.

- Dø skjøna at kjæringe ska baka småbrø, stamma han fram... uvitande om at det nok ikkje er særleg mykje gjær i akkurat den baksten.

# NYTT FRÅ KYRKJE-KONTORET

## Konsulent på kyrkjekontoret:

Linda Mæhlum Robøle er engasjert som konsulent for Bruflat sokneråd og Etnedal kyrkjelege fellesråd frem til 1.9.2014. Hun jobber inntil 40% og har oppgaver knyttet til saksbehandling og gravferdsforvaltning. Linda er en dyktig medarbeider som vi setter stor pris på.

## SOMMAROPEN KYRKJE

**Bruflat kyrkje er sommaropen tysdag – søndag 8. juli – 10. august**

Det er høve til lystenning og bøn – og omvising, viss nokon ynskjer det. Friviljuge omvisarar er til stades for alle som ynskjer å stikke innom.

## Minnegåve

Hjarteleg takk for minnegåva, kr. 14.450,- til Bruflat kyrkje som vart gjeve ved Anders Kringli si gravferd

*For*
*Kyrkjeleg fellesråd*
*Marie Bjørnødegård*

**FASTEAKSJONEN 2014**
**SAMMEN FORANDRE**

Resultatet av innsamlinga i Etnedal vart i år kr. 18.200

Takk til alle som støtta Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon i Etnedal ; konfirmantantar, foreldrar, sokneråd, diakoniutval, Marianne diakon – og ikkje minst; alle gjevarar.

Gåvene våre blir praktiske lyspunkt for mange mennesk, som manglar det meste.

*Marit prest*



*Spente gutar ventar på opptellinga i banken, Sindre Ødegårdstun Sletten, Jøran Bergbakken Loberg, Theodor Nerem, Anders Småladen Strande og Sander Thon*



*Toril Grønbrekk har stilt trufast opp for fasteaksjonen i mange år. Frå oppteljing i Etnedal sparebank*




**KOMMUNEINFO**

**Sjå også Etnedal kommune sine heimesider, www.etnedal.kommune.no**

# Informasjon frå kulturkontoret



**Konsert med fiolinisten Eldbjørg Hemsing under Valdres Sommersymfoni**

Eldbjørg Hemsing (f 1990) har vunnet og fått fleire nasjonale og internasjonale musikkprisar, og ho er ein av Skandinavias mest ettertrakta unge musikarar. Hennar formidlingsevne og kontakt med publikum blir ofte framheva som heilt spesiell. Denne sommaren er ho mellom anna invitert til å framføre fiolinkonserten til Tsjekkias store komponist, Dvorak, med Czech National Symphony Orchestra i Praha. Sammen med sin søster, Ragnhild, er ho kunstnarleg leiar av den nyetablerte Hemsingfestivalen i Valdres. Eldbjørg får tonefølgje av ein pianist på konserten.

**Bruflat kyrkje sundag 22. juni kl 19.30.**
**Gratis inngang for kulturskuleelevar.**

## Forslag på kandidatar til Bustenskjolds ærespris 2014

Komiteen for Etnedalsdagane ynskjer forslag på kandidatar til Bustenskjolds ærespris 2014. Prisen vert delt ut under Etnedalsdagane og skal gå til «personar som ved sin stil og høviskhet har gjort ein særleg innsats for fortener ei påskjønning». Forslag sendast leiar i komiteen, Toril Grønbrekk, på epost toril.gronbrekk@etnedal.kommune.no eller i posten Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal.

## Forslag på kandidatar til Etnedal kommunes kulturpris

Kommunen ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2014. Prisen vert delt ut under kulturkvelden i oktober og kan gå til personar eller lag som har gjort ein særleg innsats for kunst og kulturliv i Etnedal. Med kultur meiner ein kultur i vid betydning, slik at mellom anna ungdoms- og idrettsarbeid, opplysningsarbeid, humanitær innsats og engasjement i religiøs verksemd kjem med. Forslag sendast kulturkontoret på epost g.becker@etnedal.kommune.no eller i posten Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal.

## Arrangement

| | |
|---|---|
| 22.06. | Sommersymfonikonsert i Bruflat Kyrkje med Eldbjørg Hemsing |
| ca. St.Hans | Hesteslepp på Lenningen |
| 04.-06.07. | Aktivitetshelg på Valdres folkemuseum |
| 23.-26.07. | Bustenskjoldstemne |
| 26.-27.07. | Etnedalsdagane |
| 04.-07.09. | Aust-norsk klatresamling i Sør-Etnedal |
| 21.09. | Prøysenkveld |
| 21.10. | Kulturkveld |
| 30.11. | Konsert med verdskjente Terje Stensvold i Bruflat kyrkje |




## Filmopplæring for ungdom

Profesjonelle filmfolk reiser rundt med Filmbussen som er fullasta med filmutstyr. Dei held filmkurs for ungdom i heile Oppland. Deltakarane kan lage filmar etter eige ynskje, dei kan lage dokumentarfilm om heimstaden sin eller dei kan vere med å lage episodar til ein webserie. Etter kurset får ein filmen sin med heim på ein minnepinne. Eit Filmbuss-kurs varar i to dagar og er for ungdom mellom 12 og 16 år. Dato for kurset er 29.-30. juli på Furustrand Ungdomsklubb i Øystre Slidre. Påmelding på www.fio.no.

## Tilskot

Ungdomsrådet har midlar som er øyremerka til aktivitetar for ungdom. Dei kan gje tilskot til søkjarar som har planar om tiltak for ungdom. Søknad adresserast til Ungdomsrådet i Etnedal og leverast kulturkontoret i kommunen. Ein kan søkje heile året.

Lokale lag kan òg søkje på midler til kulturaktivitetar for seniorar. Kulturkontoret kan gje tilskot gjennom ordninga med *Den kulturelle spaserstokken*. Midlane skal nyttast til aktivitetar som inneheld profesjonelle kunst- og kulturopplevingar for eldre. Ein kan søkje heile året per brev eller e-post til kulturkontoret.

# Etnedalsdagene 2014

**Etnedal skilag ønsker velkommen til årets Etnedalsdager 26.-27.juli!**

Siste helga i juli arrangeres som vanlig årets Etnedalsdager ved Etnedal samfunnshus og Etnedalshallen. I år er det Etnedal skilag som er arrangører, og vi vil benytte årets overskudd til utvikling av vårt nye skiløypeanlegg som er påstartet ved skolen. Skiløypa er vårt nye satsingsprosjekt, med høy standard og lyssetting i deler av den. Målet er at skiløypa ved skolen skal bli til glede og inspirasjon både for de aktive løperne, skolen og for små og store trimmere i hele kommunen.

I år som alltid er det håndverksutstillingen som utgjør selve grunnpilaren i Etnedalsdagene. Utstillingen skal preges av Etnedal sin natur og kultur, og arrangementet skal i helhet vise fram Etnedal sin egenart. I Etnedalshallen er det god plass til mange flotte håndverksutstillere, som sammen med det lokale næringslivet skal vise fram det beste de har å tilby til deg som kunde og publikum. Et informasjonstorg med kommunen og andre aktører vil være på plass for å gi informasjon om tjenestetilbud, tur- og skiløyper og annet som publikum kan være interessert i.

Underholdningsprogrammet er også preget av lokale aktører og tradisjon. Som vanlig vil det bli hesteskokast, pilkast, bruskassestabling og tautrekking. Det vil bli innslag fra Etnedal musikk- og kulturskole og andre lokale talenter. Programmet vil for øvrig bli preget av at det er Prøysen-jubileum i år, og vi får blant annet storfint besøk av Viggo Sandvik, som tar turen rett fra Prøysen-festivalen. Publikum kan også vente seg et magisk innslag hentet rett fra Norske Talenter.

Utdeling av Olav Øverlis minne, Etnedal kommunes idrettspris og Bustenskjolds ærespris blir noen av høydepunktene.
For de minste blir det tilbud om firhjul-kjøring, klatring i buldrevegg i hallen, og kjøring med hest.

Vi håper at mange hyttefolk, innbyggere og andre tilreisende vil komme og oppleve det vi har å tilby. Det blir som vanlig mulighet for å kjøpe både rømmegrøt og grillmat, i tillegg til kaffe og vaffel i kiosken.

**Hovedkomiteen for Etnedalsdagene 2014**



*Frå Etnedalsdagane 2013*
*Frå handverksutstillinga; Kristen Stavdahl med sine flotte maleri*



*Krinstevling i tautrekking. Harde tak for aktørane, og publikum fylgjer spent med.*

# SLEKTERS GANG

## DØYPTE

**Bruflat kyrkje**

| | |
|---|---|
| Jenny Byfuglien | 30. mars |
| Runa Kolstad Byfuglien | 9. juni |
| Oskar Ruud | 9. juni |

## DØDE

| **Bruflat kyrkje** | Jordfest |
|---|---|
| Helga Negård | 20. desember |
| Anders Kringli | 31. januar |
| Syver Skåren | 24. januar |
| Mikael Espelien | 28. januar |
| Marie Lier | 14. februar |
| (jordfest ved Åmodt kirke, Torpa) | |
| Margit Bergeid | 25. april |

| **N. Etnedal kyrkje** | Jordfest |
|---|---|
| Anne Marie Prytz Higdem | 21. februar |
| Kåre Lunde | 11. mars |
| Alf Grønbrekk | 28. mars |
| Idar Solbrekken | 3. april |



# Konfirmantar i Bruflat kyrkje 2014

*Foran, frå venstre: Liv Elise Nybråten, Lynn Victoria Ødegaard Rolfsen, Ingebjørg Saglien Bråten*
*I midten: Ingrid Lunde, Alfred Moland Thon, Sander Stubbene, Hans Jørgen Fagernæs Lofthus, Christian Tidemandsen Kompelien, Nora Lyckander Aune Jacobsen, Marit prest*
*Bak: Theodor Nerem, Martine Juliana Bik, Astrid Flugstad Øistuen, Sindre Ødegårdstuen Sletten, Jøran Bergsbakken*

(Bilde av konfirmantane i N. Etnedal kjem i neste nr. )

# Oppslagstavla

## BLOMSTERGUDSTENESTE

Søndag 15. juni gler vi oss over sommartida og Guds skaparverk med blomstergudsteneste i Bruflat kyrkje.

Plukk gjerne ein bukett markblomar og bli med i blomsterprosesjonen ved starten av gudstenesta. Ein liten gut skal også berast til dåpen den dagen.

## GRENDEGUDSTENESTER

Søndag 20. juli kl. 11 på grendehuset i Fjellsbygda
Søndag 3. august kl. 11 hos Tutta på Solbjør

## FAMILIESAMLING på N. LENNINGEN SÆTERHUS

Søndag 17. august kl. 12 (dagen før skulestart) er alle hjarteleg velkomne til sæterhuset på Lenningen.
6-åringane får kyrkjeboka si den dagen, samstundes som vi vil markere skulestarten deira, og også 7 åringane vil få spesiell invitasjon til samlinga.
Det blir familiegudsteneste, grilling, konkurransar, natursti mm.

## SOMMARLEIR PÅ ÅREELD LEIRSTED (Hermanstølen i Tisleidalen )

**Friskusleir 27-30. juni.**
Aldersgruppe: 2-7. kl (ca. 7-12 år)
Aktiviteter: Friluftsliv, overnatting i lavvo, kanopadling.
Arrangør: NLM ung region Øst
Velkommen på leir!
På leir er det masse gøy ilag med andre barn og kjekke ledere, og vi blir bedre kjent med historiene i Bibelen og den kristne tro. Velkommen til Åreeld!

**Høstleir på Åreeld 19-21. september.** Alder: 2-7. klasse (Mer info i neste nr.)

## Bibel-ord



Herrens lov er fullkommen,
den fornyer livet.
Herrens vitnesbyrd står fast,
det gir den uvitende visdom.
Herrens påbud er rette,
de gjør hjertet glad.
Herrens bud er klart,
det gir øynene lys.
Frykten for Herren er ren,
den varer til evig tid.
Herrens dommer er sanne,
rettferdige er de alle.

Salme 19, 8 – 10

## STØLSMESSE

Søndag 24. august kl. 13 hos Turid og Roger Byfuglien på N. Tangen

## SOMMARFERIE

Marit prest har sommarferie 24. juni-13. juli og 5.-10. august.
Servicekontoret i Etnedal kommune(61 12 13 00) er informert om kven som er vikar.

## KYRKJESKYSS?

Kontakt kyrkjekontoret fredag før gudsteneste 61 12 13 20 eller 61 12 13 22

## PRØYSENkveld på Samfunnshuset

21. september.
Elin Prøysen kjem.
Meir informasjon frå arrangøren Bruflat sangkor, til hausten.

**Forsidefoto: MaritSlettum**




**Fredag 20. juni –**
Kl. 0830 Bruflat kyrkje. Skulegudsteneste

22. juni – Inga gudsteneste

**29. juni – 3. søndag i treenighetstida**
Kl. 1900 Bruflat kyrkje. Kveldsmesse med nattverd ved fung. prost Anita Dalehavn. Takkoffer til Norea radio

**6. juli – 4. søndag i treenighetstida**
Kl. 1100 Valdres folkemuseum
Gudsteneste ved sokneprest Jostein Enger.
Takkoffer til pilegrimsvegen i Valdres

13. juli – Inga gudsteneste

**20. juli – 6. søndag i treenighetstiden**
Kl. 1100 Fjellsbygda grendehus.
Takkoffer til Institutt for sjelesorg

**27. juli – 7. søndag i treenighetstiden**
Kl. 1100 Bruflat kyrkje.
Gudsteneste i samband med «Etnedalsdagane 2014»
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**3. august – 8. søndag i treenighetstiden**
Kl. 1100 Solbjør, hos Tutta Solberg.
Grendegudsteneste
Takkoffer til Bjørktun

10. august – Inga gudsteneste

**17. august – 10. søndag i treenighetstiden**
Kl. 1200 N. Lenningen sæterhus.
Familiesamling med utdeling av kyrkjebok til 6-åringar.
Takkoffer til NKSS, Norges kr. student – og skoleungdomslag

**24. august – 11. søndag i treenighetstiden**
Kl. 1300 N. Tangen, hos Turid og Roger Byfuglien. Takkoffer til Den norske Israelsmisjon

**31. august – 12. søndag i treenighetstiden**
Kl. 1600 Bruflat kyrkje.
Familiegudsteneste med utdeling av kyrkjebok til 4-åringane
Takkoffer til IKO

**7. september – 13. søndag i treenighetiden**
Kl. 1100 Bruflat kyrkje.
Normisjonsdag.
Randi Buflaten deltek.
Takkoffer til Normisjon. Kyrkjekaffe

**14. september –**
**14. søndag i treenighetstiden**
Kl. 1100 Bruflat kyrkje.
Gudsteneste med nattverd.
50 års – konfirmantjubileum.
Takkoffer til Eldorado

Kl. 1500 Kyrkjesletta, Dalen.
Vandring for konfirmantar og andre til Nord-Etnedal kyrkje

Kl. 1800 N. Etnedal kyrkje.
Familiegudsteneste med utdeling av kyrkjebok til 4-åringar

21. september – Inga gudsteneste

**28. september – 16. søndag i TT**
Kl. 1100 N. Etnedal kyrkje.
Gudsteneste med nattverd.
50 – års konfirmantjubileum
Takkoffer til TV-aksjonen

**5. oktober – 17. søndag i TT**
Kl. 1900 Bruflat kyrkje.
Sang – og musikkgudsteneste
Takkoffer til Stefanusstiftelsen

*Med atterhald om evt. endringar.*
*Gudstenestene blir kunngjort kvar fredag i «avisa Valdres»*




Himlen blåner for vårt øye,
jorden grønnes for vår fot.
Bekken risler for vår tørste,
korn og blomst og tre slår rot.
Fuglen spiler sine vinger,
barnet pludrer med sin mor.
**Lovet være han som skapte**
**drømmen og det første ord.**

Vinden har sin sti å vandre,
bølgen har sin vei å gå,
vår og sommar, høst og vinter
skifter i det minste strå,
gledens tid og sorgens time
har sin bolig i hvert sinn.
**Lovet være han**
**som åpnet første le og siste grind.**

Lyset stiger, lyset faller
over alle dunkle fjell.
Morgensol og aftenstjerne
viser dag og varsler kveld.
Hjertet har sin lengsels høyde,
hånden har sin gjernings fred.
**Lovet være Han som *er* og**
**ånder over tid og sted.**